



## VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNING VED SOLUND BARNE- OG UNGDOMSSKULE.

Vedtekne i Solund kommunestyre 30.mars 2014

### **§ 1. Retningslinjer**

Skulefritidsordninga (SFO) ved Solund barne- og ungdomsskule i Solund kommune er heimla i Opplæringslova og er ei lovpålagt teneste frå 1. januar 1999.

### **§ 2. Formål**

Kommunen si skulefritidsordninga er eit frivillig omsorgs- og fritidstilbod utanom den obligatoriske skuledagen for barn på 1. – 4. årstrinn og for barn med særskilte behov på 1.-7. årstrinn.

Innhald og aktivitetar skal vere prega av born sin trong for leik, kulturaktivitetar og sosial læring.

Innhaldet og plan for SFO utarbeidast i eit samarbeid mellom skulen og heimane der SFO-ansvarleg er skulen sin representant.

### **§ 3. Areal**

Arealene både ute og inne skal være eigna for formålet.

SFO har eigen base i eit arealet til 1. og 2. klasse og kan nytte skulen sine fellesareal etter avtale og behov.

### **§ 4. Ansvarlig styringsorgan**

Kommunestyret er ansvarleg styringsorgan for skulefritidsordninga i kommunen.

### **§ 5. Leiing, styring og ansvar**

Rektor/undervisningsinspektør har det overordna administrative og faglege ansvaret for skulefritidsordninga ved skulen.

Samarbeidsutvalet ved Solund barne- og ungdomsskule kan handsame saker som vedkjem SFO. SFO-ansvarleg har møterett og kan uttale seg om saker som vedkjem SFO.

Foreldre/føresette i SFO vel ein representant med vararepresentant til foreldra sitt arbeidsutval (FAU) ved Solund barne- og ungdomsskule.

Rektor kan delegere mynde til SFO-ansvarleg i saker som vedkjem SFO-drifta.

## **§ 6. Bemanning.**

Grunnbemanninga skal vere minimum ein vaksen pr. 12 barn som nyttar SFO på same tid. Barn med behov for ekstra tilsyn og omsorg, kan utløyse ekstra ressursar. Trongen for ekstra ressursar vert drøfta med rektor/inspektør.

## **§ 7. Opptak**

Hovudopptaket av barn til SFO skjer om våren med søknadsfrist 01. mai, og gjeld for oppstart i august månad. Søknad skjer på fastsett skjema direkte til Solund barne- og ungdomsskule.

Tildelt plass beheld ein til han vert oppsagt skriftleg, jf. § 8. eller til SFO vert avslutta for skuleåret i juni månad.

Rektor/undervisningsinspektør tildeler plassar etter søknad.

Under føresetnad av at det er ledige plassar, kan ein tildele plassar gjennom heile året.

Dersom det føreligg fleire søkarar til ordninga enn det er plassar, vert det tildelt plassar etter fylgjande kriteria i uprioritert rekkefylgje:

- Barn med funksjonsvanskar.
- Alder. (1. årstrinn, 2. årstrinn, o.s.v.)
- Barn som etter sakkunnig vurdering har særskilde behov for SFO tilbod.
- Barn av einslege forsørgjarar som er yrkesaktive eller i utdanning.
- Barn som har begge foreldre i arbeid utanfor heimen eller som er under utdanning.
- Barn med eit anna morsmål enn norsk.

## **§ 8. Oppseiing/ending av plass**

Gjensidig oppseiingstid er 2 månadar. Oppseiingstida går frå den 1. i månaden. Oppseiinga skal skje skriftleg til Solund barne- og ungdomsskule.

Ending av plass må meldast skriftleg til Solund barne- og ungdomsskule innan den 15. i månaden, med verknad frå den 1. i påfølgjande månad. Skulen tar atterhald om at det er ledige plassar til slike endingar.

Plassen kan ikkje seiast opp eller reduserast etter 1. april, unntatt ved flytting frå kommunen. Oppseiing av plass i tidsrommet frå 1. mars til 1. august, medfører at august blir oppseiingsmånad.

Det er nytt opptak til SFO for kvart skuleår.

## **§ 9. Opningstider**

Dagleg opningstid er normalt innanfor tidsrommet kl. 07.30 – 16.30.

SFO er open alle skuledagar.

## §10. Foreldrebetaling

Kommunestyret fastset foreldrebetalinga. Beløpet fordelast på 11 månadlege innbetalingar med juli som betalingsfri månad og halv pris for august og juni.

Solund barne- og ungdomsskule tilbyr fylgjande plasstypar:

### **Alternativ 1 (Full plass):**

Måndag	07.30 – 08.50 og 14.20 – 16.30	3t 30min
Tysdag	07.30 – 08.50 og 14.20 – 16.30	3t 30min
Onsdag	07.30 – 16.30	9t 00min
Torsdag	07.30 – 08.50 og 14.20 – 16.30	3t 30min
Fredag	07.30 – 08.50 og 14.20 – 16.30	3t 30min

### **Alternativ 2:**

Måndag	07.30 – 08.50 og 14.20 – 16.30	3t 30min
Tysdag	07.30 – 08.50 og 14.20 – 16.30	3t 30min
Torsdag	07.30 – 08.50 og 14.20 – 16.30	3t 30min
Fredag	07.30 – 08.50 og 14.20 – 16.30	3t 30min

### **Alternativ 3:**

Onsdag:	07.30 – 16.30	9t 00min
---------	---------------	----------

Prisar og plasstypar vil elles gå fram av søknadsskjemaet.

Manglande betaling medfører oppseiing av plassen med 14 dagars varsel og ein må i alle høve betale for oppseiingstida på to månader.

## §11. Forsikring

Barna er forsikra gjennom Folketrygda og Solund kommune si forsikringsordning i KLP dersom det oppstår skader under opphald i SFO eller når barna deltar i aktivitetar arrangert av SFO.